

# BOKN KOMMUNE

## Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

### Møtebok

**Møtedato:** 04.12.2018

**Møtetid:** Kl. 17:00 - 19:00

**Møtestad:** Møterom 1. etg. - Boknatun

**Saksnr.:**

**Følgjande medlemmer møtte**      **Parti**  
Cristine Berge Christiansen  
Sigmund Alvestad                      KRF

**Forfall meldt frå følgjande medl.**      **Parti**  
June Kro  
Olav Larsen  
Zuzanna Ufnal                              AP

**Følgjande varamedl. møtte**      **Parti**  
*Helga S Alvestad*

**Andre som møtte:**  
Ingrid Sofie Rundhaug

<b>Møteleiar:</b>	Sigmund Alvestad
<b>Frå adm. møte:</b>	
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

*Helga S Alvestad*      *Cristine B Christiansen*

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
034/18	Godkjenning av innkalling
035/18	Godkjenning av møteprotokoll
036/18	Finansreglement for Bokn kommune 2018
037/18	Overskotsdisponering, Ingvard Wilhelmsen
038/18	Heildøgns omsorgsboligar - leigekostnadar
039/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2020 - 2022 m/ vedlegg

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	04.12.2018	034/18

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/491
------------------------	----------------	-------------------

### Godkjenning av innkalling

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 04.12.2018:

Behandling:

**SB- 034/18 Vedtak:**

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	04.12.2018	035/18

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/491
------------------------	----------------	-------------------

### Godkjenning av møteprotokoll

**Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 04.12.2018:**

#### Behandling:

#### **SB- 035/18 Vedtak:**

Merknad til møteprotokoll for møte 30.10. Vara Helga S. Alvestad deltok i møte, men det er ikkje ført opp.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	04.12.2018	036/18
Formannskapet	04.12.2018	066/18
Kommunestyret		

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K3 - &00, K1 - 200	Arkivsaknr 18/475
----------------------------	--------------------------	-------------------

### Finansreglement for Bokn kommune 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre vedtar forslag til Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Bokn kommune 2018.

Boknatun, 28. november 2018

Jan Erik Nygaard  
rådmann

#### Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 04.12.2018:

#### Behandling:

#### SB- 036/18 Vedtak:

Seniorrådet støtter rådmannen sitt forslag til vedtak.

#### Kva saka gjeld:

Finansreglement for Bokn kommune

#### Bakgrunn for saka:

#### Saksutgreiing:

Det vises til forslag til Reglement for finans- og gjeldsforvaltning Bokn kommune 2018 og uttale til revisor datert 27. november 2018.

#### Vurdering:

**Vedlegg:**

Dok.nr

Tittel på vedlegg

28.11.2018

Scan\_Naustbakk, Lone (NO - Haugesund)\_12\_44\_27-11-2018

28.11.2018

VS Attestasjon finansreglement

28.11.2018

Finansreglement for Bokn kommune

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	04.12.2018	070/18
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	04.12.2018	037/18
Kommunestyret		

Saksansv. Jardar Havikbotn	Arkiv K1 - 235	Arkivsaknr 18/469
----------------------------	----------------	-------------------

### Overskotsdisponering, Ingvard Wilhelmsen

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn formannskap vedtar at overskotet etter Ingvard Wilhelmsen-arrangementet i Bokn Arena 25.10.18 blir sett av på eit fond og øymerka "Uteområde/leikeplassar ny skule".

#### Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 04.12.2018:

#### Behandling:

#### SB- 037/18 Vedtak:

Seniorrådet støttar rådmannen sitt forslag til vedtak.

#### Kva saka gjeld:

Disponering av overskot etter arrangement med Ingvard Wilhelmsen i Bokn Arena 25.10.18.

#### Bakgrunn for saka:

Seksjon helse, med hjelp frå kultur, arrangerte foredraget. Arrangementet fekk ein enorm respons, heilt sidan det fire månader før arrangementsdagen blei laga eit Event på kommunen sine facebooksider. Det blei tilrettelagt for 600 tilhøyrarar, der m.a. tribune-sør blei tatt i bruk. 9. klasse stod for rigging og kiosksal. Hendinga var ein suksess, og overskotet blei på nesten 80.000 kr.

#### Saksutgreiing:

#### Rekneskap:

UTGIFTER		INNETEKTER	
Ingvard Wilhelmsen	kr. 26.722	411 stk. online-bill.	kr. 78.912
9. klasse	kr. 5.000	195 stk. papirbilletter	kr. 39.000
Provisjon, billettbyrå	kr. 3.288		
Lydmann	kr. 3.000		

<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>kr. 38.010</b>	<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>kr. 117.912</b>
		<b>OVERSKOT</b>	<b>kr. 79.902</b>

Tilrettelegging/arbeidsgruppa (Henriette Lindanger, Jardar Havikbotn, Ingrid Sofie Rundhaug) ønsker å øyremerka desse til uteområde/leikeplass i samband med ny skule.

**Vurdering:**

I det vedtatte storprosjektet «Arealplan, uteområda rundt Idrettshuset, skulen og Boknatun» frå 2004 (også kalla Føresvik nærmiljøanlegg), der det i perioden 2005-2008 skulle tilretteleggast for ulike nærmiljøanlegg rundt skulen, blei leikeplassen på austsida av skulen rehabilitert og fornya, samt realisering av nokre småprosjekt ved bygget. Det blei også laga ballbinge og sykkelparkering ved sida av Idrettshuset. Ballbingeprojektet blei av ulike grunnar ein del dyrare enn budsjettet. Det stod mykje att, men det blei ikkje tilført fleire kommunale midlar og storprosjektet stoppa opp. Det er framleis store tilretteleggingsbehov av uteområda rundt skulen.

Erfaringsmessig har også midlar til opparbeiding av uteområde lett for å bli reduserte eller kutta heilt ut undervegs i store byggeprosjekt, i samband med overskridingar. For å sikra god tilrettelegging for fysisk aktivitet og naturopplevingar i samband med eit nytt skulebygg, foreslår tilrettelegging/arbeidsgruppa for Ingvard Wilhelmsen-arrangementet i Bokn Arena 25.10.18 at overskotet etter arrangementet blir sett av på eit fond og øyremerka "Uteområde/leikeplassar ny skule".

Jardar Havikbotn

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	04.12.2018	038/18
Formannskapet	04.12.2018	068/18
Kommunestyret		

Saksansv. Ingrid Sofie Rundhaug	Arkiv K1 - 613, K2 - H41, K3 - &52	Arkivsaknr 18/489
---------------------------------	------------------------------------	-------------------

### Heildøgns omsorgsboligar - leigekostnadar

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen foreslår at leigekostanden for heildøgns omsorgsboligar vert sett til kr 7500,- pr måned. Dersom eit par deler den eine boligen som kan nyttast for to bebuarar vert leigepreisen sett til kr 12 000,- pr måned. Kostnaden vert vidare justert årleg i kommunestyret si budsjetthandsaming.

#### Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 04.12.2018:

#### Behandling:

#### **SB- 038/18 Vedtak:**

Seniorrådet støttar rådmannen sitt forslag til vedtak.

#### **Kva saka gjeld:**

Kommunen har bygd 7 nye omsorgsboligar for heildøgnsomsorg som er klare for å takast i bruk på nyåret 2019. Det er behov for å fastsette leigekostnaden for desse boligane.

#### **Bakgrunn for saka:**

Det er bygd 7 nye boligar for heildøgnsomsorg i kommunen. Boligane er bygd i samaband med utbygginga av 4 sjukeheimsplassar, og dei er bygd som ei forlenging av sjukeheimen for å kunne ha nærleik til fellesareal og personalbasen på sjukeheimen. Omsorgsboligar vert rekna som ein eigen bolig.

#### **Saksutgreiing:**

Tenesten heildøgnsbemanna omsorgsbolig inneber at bebuaren vert sett på som heimebuande, men har ein bolig i nærleik til helse- og omsorgspersonale som kan gi tilsyn og ellers bistå med tilretteleggjing, råd og veiledning i dagliglivets gjeremål.

Tenesten heildøgnsbemanna omsorgsbolig er eit lågare omsorgsnivå enn langtids plass i sjukeheim. Det vert inngått leigekontrakt om buforholdet, og bebuar betaler husleige. Bokn kommune er boligeigar.

Før det vert tildelt heildøgnsbemannea omsorgsbolig, vert det gjort ei vurdering av søkar sitt behov

for både tilrettelagt bolig samt søkars behov for pleie og omsorgstenester. Bolig og tenester vert tildelt som enkeltvedtak.

Kvar omsorgsbolig inneheld eitt rom med stue/kjøkken, bad og soverom. Boligane ligger i tilknytning til sjukestova. Boligane er rekna å være til ein person, men ein av boligane er noko større og kan nyttast av eit par dersom begge to fyller kriteriene for tenesten heildøgnsbemanna omsorgsbolig.

Helse- og omsorgstjenester i omsorgsbolig kan innvilgast etter ei vurdering av søknad som for andre heimebuande. Tenestene kan være:

- Helsetenester i heimen
- Personleg assistanse, praktisk bistand og opplæring

Medisinske forhold og/eller varig svikt i eigenomsorg, av fysisk eller psykisk art skal liggje til grunn for tildeling av heildøgns omsorgsbolig.

Det vert i vurdering av tildeling av bolig gjort ei heilskapsvurdering ut frå:

- Evne til eigenomsorg
- Kognitive tilstand
- Ressurser sjå eventuelt andre i husstanden
- Buforhold

For heildøgns omsorgsbolig er fylgjande inkludert i leigekostnaden:

- Energi/straum/oppvarming
- Avgifter/gebyrer
- Vedlikehald og drift innvendig og utvendig
- Trygghetsalarm
- Renovasjon
- Renhald av fellesarealet
- Løpande driftskostnader knyttet til bygg
- Tilgjengelig pleie- og omsorgspersonale 24 timer i døgnet
- Forsikring: boligen er forsikra. Bebuar må sjølv forsikre innbu og lausøyre.

Alt som er knytt til TV (leverandør, NRK-lisens, RiksTV/Altibox) i bolig må betalast av den enkelte bebuar.

Bebuar må sjølv innrede omsorgsboligen med møbler, gardiner, eventuelle hvitevarer som ikkje er integrert etc..

Beboer må og behalde eigen fastlege.

Husleiga vert justert årleg i budsjettbehandlinga i kommunestyret. Bebuar kan søkje Husbankens si bustøtteordning, og kommunen kan bistå med ein slik søknad. Bostøtte vert utbetalt til bebuaren sin konto.

Einkvar som vert tildelt heildøgns omsorgsbolig er heimebuande og følger regelverket for tenester tildelt heimebuande. Behovet for bebuar sin bistand og assistanse vert kartlagt og vurdert av pleie- og omsorgstenesten, og behovet for tenester vert gitt ved enkeltvedtak. Vedtaket sett ramma for tildelte tenester. Det er personalet på sjukestova som utfører tenestene.

Bebuara i heildøgns omsorgsbolig kan om ynskjeleg kjøpe ulike typar servicepakkar som bl.a inneber at bebuar kan ete kun middag eller alle måltider i fellesarealene til sjukeheimen, og all klesvask kan

verte utført av pleie og omsorgstenesta i bebuaren sin eigen bolig. Prisen på desse varierer frå 1140,- pr.månad til 2160,- pr.månad.

**Vurdering:**

Ei informasjonsinnhenting frå andre kommunar viser at leiekostnaden på heildøgns omsorgsbolig varierer frå 8000,- pr måned til nærare 10 000,-

Staten har regulativ som legg føringar for kor mykje ein bebuar skal betale og at det ikkje skal overstige det ein betaler som vederlag for ein plass på sjukeheim. Ein bebuar i heildøgns omsorgsbolig skal med bakgrunn i dette ha minimum 20% att av si nettoinntekt når alt er betalt.

Ut frå ei samla vurdering av leigekostnader i andre kommunar, samt regulativet som legg føringar for kostnadsnivået foreslår rådmannen at husleiga for heildøgns omsorgsboligar i kommunen vert sett til kr 7500,- pr måned. Dersom eit par deler den eine boligen som kan nyttast for to bebuarar vert leigeprisen sett til kr 12 000,- pr måned.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	04.12.2018	039/18
Formannskapet	04.12.2018	071/18
Kommunestyret		

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 151	Arkivsaknr 18/481
----------------------------	----------------	-------------------

### Budsjett 2019 og økonomiplan 2020 - 2022 m/ vedlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vedlagte forslag til budsjett for Bokn kommune for 2019 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 72.343.300,- på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	15.705.200
Rammeområde 2 Kultur, skule og barnehage	25.500.200
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	24.750.000
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	2.155.400
Rammeområde 6 Teknisk	4.232.500

2. Rådmannen får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.
3. Kommunestyret vedtek nye driftstiltak i 2019 – 2022 ihht skjema 2A;
4. Kommunestyret vedtek nye investeringar i 2019 – 2022 ihht skjema 2B; 64 mill. kroner.

Investeringane vert dekkja slik:

- Skuleutbygging på 50 mill. kroner finansieres ved bruk av fond.
  - Utviding Bokn vassverk 14 mill. kroner finansieres gjennom låneopptak. Låneopptaket skal finansierast gjennom auke i vassavgift med 25 % i 2019 og ytterlegare 15 % i 2020.
5. Bokn kommunestyre vedtek å ta opp lån på 14 mill. kroner til vidare utbygging av Bokn vassverk med nedbetaling over 40 år.

6. Øvrige skattevedtak: Kommunale inntektsskatteøre samsvarande med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.
7. Bogn kommunestyre vedtar at barnehagesatsane vert justert frå 1. januar 2019 i samsvar med vedtatt maksimalpris. Deltidsplassar skal justerast forholdsmessig.
8. Maksimalsatsane for opphald i institusjon og hjelp i heimen fylgjer den til kvar tid gjeldande forskrift for eigenbetaling. Dei øvrige framlagde satsane for kommunale avgifter og tenester for 2019 vert vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i gebyrregulativet.
9. For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» slik lova lyder etter 1. januar 2019. Det skal etter eigedomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigedomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar» ettersom slike anlegg er jamstilt med vårt valte utskrivingsalternativ etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, slik lova lyder frå 1. januar 2019.  
I 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på «eit særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og –installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som nærings eigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Det skal skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg med produksjonsutstyr og –installasjonar i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.  
Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2019 er 7 promille. Utskriving av skatt for skatteåret 2019 blir basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering som blei gjennomført med verknad frå 1. januar 2016, men med spesifisering av skatteverdiar for produksjonsutstyr og –installasjonar.  
Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.

Ordførar og rådmann får fullmakt til å inngå forhandlingar om sal av kommunen sine aksjar i Haugaland Kraft as. Salsavtalen legges fram for formannskapet til endeleg godkjenning. Inntektene frå sal av aksjane skal settast av på fond.

#### **Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 04.12.2018:**

##### **Behandling:**

##### **SB- 039/18 Vedtak:**

Seniorrådet støttar rådmannen sitt forslag til vedtak.

##### **Kva saka gjeld:**

<skriv her>

##### **Bakgrunn for saka:**

<skriv her>

**Saksutgreiing:**

<skriv her>

**Vurdering:**

<skriv her>

**Vedlegg:**

Dok.nr

27.11.2018

27.11.2018

28.11.2018

Tittel på vedlegg

Kontrollutvalget sitt forslag til budsjett

Gebyrregulativ 2019

Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022, rett versjon